

Vedlegg 4 - OPPDRAGSBESKRIVELSE



1. Overordna målsettinger for leveransen

1.1 Det systematiske HMS-arbeidet.

Bedriftshelsetenesta skal bistå leiarnivåa i Møre og Romsdal fylkeskommune i det systematiske og målretta HMS-arbeidet i organisasjonen. Ordninga skal gi heilskapleg og førebyggande bistand i arbeidsmiljøsatsinga på eit høgt og relevant fagleg nivå innan fleire kompetanseområde, her m.a.:

- psykososialt- og organisatorisk arbeidsmiljø
- fysisk-, biologisk- og kjemisk arbeidsmiljø
- arbeidshelse
- IA/AKAN
- ergonomi
- systematisk HMS-arbeid

Bemanning, kompetanse og innhald i tenesta må vere tilpassa behova slik dei er definerte i kravspesifikasjonen. Dei konkrete BHT- oppgåvene vil kunne variere mellom driftseiningane, avhengig av behova i eininga og krava frå overordna arbeidsgivar ved personalsjefen.

Fylkeskommunens HMS-system er tilgjengeleg på intranettsidene på denne adressa:

<http://mrfylke.no/Intranett/Kvalitetsleiring-HMS/HMS>

1.2 Fleksibilitet

Fylkeskommunen ønskjer ein fleksibel avtale om bedriftshelsetenester der arbeidsmiljøkartleggingar og risikovurderinger gjennom det systematiske HMS-arbeidet vil definere nivå og omfang for ulike bedriftshelsetenester/kompetanse. Leveranse av bedriftshelsetenester skal planleggast og inngå som ein del av periodeplan for BHT.

Bedriftshelsetenesta skal arbeide på to nivå:

1. Overordna systemnivå med rammeverk og kompetansebygging i samhandling med overordna arbeidsgivar ved personalsjefen. Bedriftshelsetenesta skal også ivareta rolla som superbrukar på stoffkartotek
2. Leveranse av bedriftshelsetenester på driftseiningsnivå i samsvar med lokale utfordringar i HMS-arbeidet.

Alle leveransar frå bedriftshelsetenesta skjer etter bestilling frå enten lokal- eller overordna arbeidsgivar. Dette betyr at standardiserte opplegg gjennom t.d. faste periodiske individuelle helsekontrollar ikkje er ønska for andre tilsette enn dei gruppene som er omfatta av krav om slike kontrollar som følgje av særleg risikoutsette arbeidsoppgåver. Dersom eit definert behov tilseier det,

Vedlegg 4 - OPPDRAGSBESKRIVELSE

ønskjer vi differensiert ressursinnsats på bedriftshelsetenester i ulike delar av organisasjonen. Det må følgjeleg pårekna eit differensiert BHT-tilbod til ulike driftseininger.

1.3 Eit førebyggjande perspektiv

Bedriftshelsetenesta skal medverke aktivt og ha ei pådrivarrolla i det systematiske HMS-arbeidet på alle nivå i verksemda, jf. aml. §3-1 og tilhøyrande forskrifter.

Ved val av leverandør av bedriftshelsetenester krev vi/legg vi vekt på at leverandør:

- Har brei fagleg kompetanse
- Står for nytenking og utvikling innan HMS-området
- Har fokus på førebyggande og helsefremmende arbeid
- Er løysingsorientert
- Stimulere driftseiningerne til å skape og vidareutvikle forhold som fremmer dei tilsette sin utvikling, helse og trivsel. Det kan være organisatoriske tiltak eller tilrettelegging som gjeld ein eller fleire tilsette.
- Samarbeider aktivt med oppdragsgivar gjennom dei HMS-systema og verktøya oppdragsgivar har og medverke
- Ha ei pådrivarrolle der det blir gitt tilbakemeldingar til oppdragsgivar som grunnlag for evaluering av HMS-arbeidet på ulike nivå i verksemda

1.4 Det grunnleggjande samarbeidsprinsippet

Eit grunnleggande samarbeidsprinsipp skal vere at leverandøren av bedriftshelsetenester bidrar aktivt i det interne arbeidet på driftseiningsnivå. BHT må integrerast i hovudaktivitetane i driftseiningerne sin HMS-årssyklus der risikovurderingar/kartlegging og oppfølging av handlingsplanar blir vektlagt. Dette inneber deltaking i AMU, AKAN-arbeid, samt anna møte- og planarbeid på fylkesnivå og driftseiningsnivå. Plan for bedriftshelsetenesta sine leveransar skal synleggjerast gjennom eigen årleg periodeplan behandla i AMU i den enkelte eining.

2 Spesifiserte leveranseområde – driftseiningsnivå

Bedriftshelsetenesta skal bistå med leveransar i samsvar med § 13-2 i "Forskrift om organisering, ledelse og medvirkning". Fylkeskommunen ønskjer spesielt fokus på:

HMS-planlegging og oppfølging:

- Bistå med utforming og revisjon av HMS-aktivitetar innanfor ramma av oppdragsgivars HMS-system, her prosessrettleiing, kartlegging, risikovurdering, avviksbehandling og utforming av tiltaksplanar
- Bistå i kartlegging og oppfølging av psykososiale- og organisatoriske forhold (både kvantitative og kvalitative undersøkingar).

Vedlegg 4 - OPPDRAGSBESKRIVELSE

- Bistå med undersøking og behandling av konfliktar og varsling-/klagesaker relatert til psykososiale arbeidsmiljøforhold (både gruppe- og individsaker)
- Bidra til at psykososiale og organisatoriske forhold blir vurdert før, under og etter omorganiseringar/omstillingar
- Prosesskompetanse i gjennomføring av HMS-tiltak
- Bistå med planlegging og gjennomføring ved etablering, vedlikehald og endring av arbeidsplassar, lokalar og utstyr
- Bistå ved innkjøp og bruk av helsefarlege produkt/kjemikaliar, maskiner og utstyr.
(Fylkeskommunen har SafeUse som leverandør av elektronisk stoffkartoteksystem.)

HMS-opplæring:

Bedriftselsetenesta skal kunne levere opplæring innafor dei fagområda som er nemnd i prisskjemaet, vedlegg 3 tabell 2. På dei fleste fagområda vil opplæringsaktivitetane skje i tett samarbeid med oppdragsgivar der oppdragsgivar også sjølv har fagansvar for deler av opplæringa.

Oppdragsgivar tek etterhald om at det for enkelte fagområda vil kunne vere aktuelt å nytte andre eksterne leverandørar.

Rådgiving:

- Medverke til informasjon og opplæring på områda arbeidshelse, yrkeshygiene, ergonomi, vurdering av risiko og generelt HMS-arbeid
- Støtte leiarar og tilsette i arbeidet med å nå måla i inkluderande arbeidsliv, med fokus på å førebygge og redusere sjukefråvær og eit målretta attføringsarbeid. Bistå i dialogmøter ved behov
- Medverke i konfliktførebygging og -handtering
- Medverke i AKAN-arbeid
- Delta og vere ein aktiv pådrivar i AMU-møter
- Medverke med kurs- og informasjonsverksemd faglig innlegg på arbeidsmiljøkurs etter avtale med fylkesnivået
- Understøtte bruken av oppdragsgivar sine HMS-system og verktøy

Helseundersøkingar (Arbeidsmedisinsk poliklinikk):

- Gi tilbod om konsultasjon ved arbeidsrelaterte helseplager/sjukdom, og sørge for at oppfølging skjer i samarbeid med fastlege eller spesialist
- Medverke til at meldeplikt for arbeidsrelatert sjukdom og -skade blir følgd
- Gjennomføre helseundersøkingar som er fastsett i forskrift og tilby oppfølging av særskilt eksponerte tilsette. Vi har fleire grupper av tilsette der det er krav til helseundersøkingar, jf. Forskrift om Organisering, ledelse og medvirkning § 14-1. Avgjerd om helseundersøking for desse må derfor skje etter risikovurderingar ved dei ulike einingane.
- NB Bedriftshelsetenesta skal ikkje gjennomføre generelle helseundersøkingar som ikkje er ikkje bygger på ei konkret risikovurdering og er forankra i ovannemnde forskrift §14-1.

Kriser og akuttsituasjonar:

- Ha beredskap og kompetanse til bistå i krisesituasjonar i samsvar med fylkeskommunen sine system/retningslinjer for krisehandtering

Vedlegg 4 - OPPDRAGSBESKRIVELSE

3 Spesifiserte leveranseområde – sentralt nivå

3.1 Medarbeidarundersøking

Tilbydar må kunne levere eit forskingsbasert verkty for kartlegging av det organisatoriske- og psykososiale arbeidsmiljøet (medarbeidarundersøking). Bedriftshelsetenesta må ha kompetanse til å kunne tolke resultat og bistå prosessuelt med oppfølging av resultata på overordna- og einingsnivå.

3.2 Generelt om arbeidsform og samhandling med oppdragsgiver

Leverandør skal gå aktivt inn i det førebyggande arbeidsmiljøarbeidet i samsvar med intensjonane og målsettingane i pkt. 1.

Vi vil at tilbydar beskriv korleis leveransen skal gjennomførast i avtaleperioden for at den skal fungere best mogleg i forhold til oppdragsgiver sitt behov. Det skal også beskrivast korleis service/dialog på løpende og akutte behov for bistand er tenkt ivaretatt.

Leverandøren skal føre dialog med oppdragsgiver/fylkeskommunen om kva slags kompetanse og type tenester som skal nyttast inn mot identifiserte utfordringar i driftseiningane. Dette skal skje løpende og minst ein gong per halvår i samarbeidsmøter med overordna arbeidsgivar, samt gjennom årsrapporteringa (jf. pkt. 5.).

4 Informasjon vedr kjøp av organisasjonspsykologiske tenester

Vi gjer merksam på at Møre og Romsdal fylkeskommune vil, i tillegg til å be om org.psyk. tenester i denne avtalen om BHT, lyse ut anbod om eigen avtale om kjøp av organisasjonspsykologiske tenester. Dette for å sikre tilgang på djupnekompetanse innan organisasjonspsykologi for oppfølging av krevjande enkeltsaker og tyngre arbeidsmiljøprosessar. Den som får avtale om bedriftshelseteneste treng ikkje å gje tilbod på denne konkurransen då same tenester er etterspurt i denne avtalen, jf. pkt 2. ovanfor. Bedriftshelsetenesta sin kompetanse i høve aktuelle oppdrag vil bli vurdert før fylkeskommunen nyttar rammeavtalen om kjøp av organisasjonspsykologiske tenester. For at bedriftshelsetenesta skal bli valt må oppdragsgiver sitt krav til djupnekompetanse innafor organisasjonspsykologiske tenester vere innfridd til det aktuelle oppdraget.

5 Rapportering

Leverandøren skal innan 31.januar kvart år i kontraktperioden legge fram ein rapport med oversikt over gjennomførte tenester og tiltak tidsforbruk (i timer) og tenestekategori knytt til dei ulike verksemdsområda (driftseiningane) i fylkeskommunen er spesifisert.

6 Pris

Prisane skal fyllast ut i prisskjema, vedlegg 3.

Vedlegg 4 - OPPDRAGSBESKRIVELSE

Prisane skal gjevast i NOK eksklusive mva.

Pristilbodet skal berre gjenspegle det som Oppdragsgivar etterspør i leveransen anbodsdocumenta.

Prisane skal dekke alle leverandøren sine kostnader med utføring av oppdraget, - forarbeid, gjennomføring og etterarbeid.

Reisekostnader, overnatting og kostgodtgjerdslle blir dekt etter rekning/Statens reiseregulativ.
Reisetid kompenserast ikkje.

Ved behov for å nytte kompetansepersonell som leverandøren ikkje har i fylket, skal oppdragsgivar godkjenne dette på førehand og vilkåra avtalast særskilt.

Tilbod med ufullstendig utfylte prisskjema eller prisar gjeve i andre delar av tilbodet kan føre til at tilbodet blir avvist.